



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Brakanes Hotel, Ulvik

Møtedato: 24.06.2014

Tid: 10:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 1000 Oppmøte
 Godkjenning av innkalling og sakliste
 Godkjenning av protokoll frå møtet 7.5.2014
 Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1200 Produkt- og marknadsanalysen for heilårs reiseliv – korleis følgja opp analysen
 Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord
- 1230 Lunsj
- 1300 Møte med Hardangerrådet, sjå eige program
- 1800 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
13/14	13/3372-16	Bustadmarknaden i Sogn - rapport
14/14	13/3825-6	Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv - rapport (vert ettersendt)
15/14	14/1965-2	Høyring - "Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov"
16/14	14/2040-1	Kommunereforma
17/14	14/1895-1	Finansering av prosjekt i Sogn regionråd
18/14	14/746-5	Orienteringssaker

Sogndal, 12.06.2014

Harald Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Saksnr.: Utval
13/14 Sogn regionråd

Møtedato
24.06.2014

Sak 13/14

Bustadmarknaden i Sogn - rapport

Tilråding:

Sogn regionråd tek rapporten «Bustadmarknaden i Sogn» til vitande og ber RUP-/næringsutviklingsgruppa vurdere vidare oppfølging.

Vedlegg:

Bustadmarknad i Sogn – rapport

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd har som mål å få auka folketal. Analyse av bustadmarknaden er eitt av tiltaka i tiltaksplanen 2013-2014. Rapporten er meint å gje kommunane og regionrådet eit betre kunnskapsgrunnlag om bustadmarknaden i kvar kommune og korleis regionale prosessar påverkar regionen sin bustadmarknad.

Målgruppa for analysen vil først og fremst vera regionrådskommunane, samarbeidspartar og støttespelarar i bustadpolitikk og bustadutvikling.

Rapporten er utarbeidd av Ideas2Evidence. Fylkeskommunen har bidrege med statistikk og med innspel undervegs. Rapporten beskriv status over kommunane sitt arbeid med bustadplanlegging og kva tiltak som kan gjerast for å betre bustadmarknaden i regionen. Den gir ein gjennomgang av etterspurnaden etter og tilbodet til ulike bustadtypar, balansen på bustadmarknaden for ulike grupper, i kva grad tilgangen på bustader er til hinder for næringsutvikling, sysselsetjingsauke og folketalsvekst i regionen, korleis vil bustadmarknaden endra seg i åra framover og kva kan kommunane gjera på bustadmarknaden for å auka tilflyttinga.

Rapporten viser at regionen har ein ugunstig demografisk situasjon og ugunstig næringsutvikling i mange kommunar. I følgje prognosane fram mot 2030 vil Sogn få om lag 3000 fleire innbyggjarar. Det er i første rekke Sogndal som vil ha positiv folketalsutvikling i åra som kjem. Innvandring frå utlandet vil bidra til å oppretthalde folketilveksten. Det er ikkje stor etterspurnad etter bustader frå tilflyttarar i kommunane. Sogndal har eit visst press på bustadmarknaden, og det verkar som om kommunen i dag greier å handtera etterspurnaden etter bustader. Unge frå kommunane flyttar ut, og dei fleste kjem ikkje attende. Dei som flyttar

inn er i første rekke utanlandske arbeidsinnvandrarar og husstander som har fått opphald på humanitært grunnlag, samt attendeflyttarar. Den dominerande bustadtypen i Sogn er einebustaden. Det er særleg attendeflyttarar som ønskjer einebustader i attraktive delar av kommunane. Samstundes er det etterspurnad etter ”prøvebustader” og leigebustader i distriktskommunar. Nye tilflyttargrupper (arbeidsinnvandrarar frå Europa, innvandrarar som er gitt opphald på humanitært grunnlag og livsstiltilflyttarar frå Noreg og Europa) ser ikkje ut til å ha vesentlege vanskar med å skaffa seg bustad i kommunane.

Kommunane planlegg bustadbygging i alle delar av kommunen - satsing over alt. Nokre kommunar har uttalt politikk på at mykje av framtidig vekst skal kome i sentrale område – konsentrert satsing. Dersom kommunen legg opp til flest mogleg attendeflyttarar er det truleg rett å planleggja bustadbygging i alle delar av kommunen. Om ein ønskjer å stå fram som ein attraktiv kommune for moglege tilflyttarar utan røter i kommunen, vil konsentrert satsing vera ein rett strategi.

Kommunane vedgår at leigemarknadane i dag er for dårleg, og at det kan gje eit dårleg signal til potensielle tilflyttarar. Konsekvensen kan vera at dei ikkje søker jobb i kommunen eller regionen, og då heller ikkje tar kontakt med kommunen. Eller det kan vera at dei i staden søker bustadmarknaden i Sogndal som har ein større marknad.

Kommunane i Sogn har i dag ein nesten fráværande synleg leigemarknad, noko som rapporten peikar på er uheldig. Det bør leggjast til rette for informasjon om bustader til sals og til leige på nettsidene. Dei fleste kommunane har stor mangel på utleigebustader.

Det er i dag lite samarbeid mellom offentlege og private aktørar med tanke på bustadutbygging. Rapporten viser til ”Hamarøymodellen” og ”Bergensmodellen” som døme på offentleg-privat samarbeid og som kan vera relevant for Sogn å vurdere.

Rapporten viser til at kommunane i si bustadpolitiske planlegging også må ta høgde for dei utfordringane som ligg i at mange kommunar har ein dårleg utvikla bustadmarknad med omsyn til visse tilflyttingskategoriar, i første rekke gjeld det leigemarknad og moglegheita til å kunne prøvebu. Kartlegging av tomme hus i kommunen med tanke på moglegheiter for utleige er eitt tiltak som vert føreslått i rapporten. Økonomisk stønad til huseigar til restaureringsarbeid er eit anna tiltak som Eidfjord kommune har prøvd ut.

Administrasjonen føreslår at RUP-/næringsutviklingsgruppe med bakgrunn i rapporten som føreligg vurderer det vidare arbeidet og aktuelle tiltak. Hardangerrådet vil i møtet 24. juni orientera om deira arbeid etter bustadanalysen.

Rapporten vert med dette lagt fram for regionrådet som grunnlag for å drøfta vidare arbeid.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/1965

Arkiv: F05 &13

Saksnr.: Utval
15/14 Sogn regionråd

Møtedato
24.06.2014

Sak 15/14

Høring - "Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov"

Tilråding:

Sogn regionråd sluttar seg til høyringsfråsegn til endringane i dei arbeidsretta tiltaka slik det ligg føre.

Vedlegg:

Høyringsbrev – ”Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov”

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regjeringa har lagt fram forslag til endringar i dei arbeidsretta tiltaka med høyringsfrist 4. august. Forslaget innber at avklaring i ordinær verksemd og avklaring i skjerma verksemd blir slegne saman til eitt tiltak, og at oppfølging og arbeid med bistand vert slegne saman til eitt oppfølgingstiltak. På denne måten vert fire tiltak redusert til to. Desse tiltaka skal kjøpast gjennom ordinær anbodskonkurranse. Det er forslag om endringar i forskrift om arbeidsretta tiltak. Alle kommunane i sogneregionen er eigarar av attføringsverksemdar (Sogneprodukt, Indre Sogn ASVO og Luster Arbeidssenter).

Forslaget inneber at det blir oppretta tilbod om avklaring og oppfølging som omfatter både sjukmelde arbeidstakarar, arbeidssøkjarar og personar med nedsett arbeidsevne. Dette vil opna for at ideelle organisasjonar, sosiale entreprenørar og private aktørar kan levera avklarings- og oppfølgingstenester. Det vil ikkje bli endringar i andre arbeidsmarknadstiltak som tilbod om varig tilrettelagte arbeidsplassar eller tilbod om spesielt tilrettelagt og skjerma arbeidsmiljø til brukarar som står lenger unna arbeidsmarknaden.

Regjeringa vil drøfta fleire forslag til endringar i tiltaksapparatet i ei melding til Stortinget som er planlagt å bli lagt fram til hausten.

Framlegg til fråsegn frå Sogn regionråd:

«Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har i møte 24. juni 2014 vedteke følgjande fråsegn til endringar i arbeidsretta tiltak:

Det er positivt at regjeringa ønskjer eit enklere tiltakssystem og at det blir gitt signal om at brukarane sine behov skal stå i sentrum.

Det knyter seg stor uvisse til om endringane som er føreslegne vil gi eit betre tilbod til brukarane/arbeidssøklarane. Dette er ei viktig sak som gjeld svake enkeltbrukarar utan sterke talsorganisasjonar.

Regjeringa har varsla at det kjem ei stortingsmelding om arbeidsmarknadstiltak til hausten. Sogn regionråd ber om at dei arbeidsretta tiltaka ikkje vert endra no, men istaden inngår i stortingsmeldinga og at Stortinget tek stilling til totaltilbodet på dette området.

Den kommunale eigarskapen sikrar stabilitet overfor bedrifta og er ein styrke for attføringsarbeidet. Det er ikkje dokumentert at anbodusutsetjing gir betre tenester for brukarane/arbeidssøklarane. Om ein ønskjer å la andre ikkje-kommersielle aktørar sleppa til kan det gjerast utan anbodusutsetjing, til dømes ved små justeringar i regelverket ev. som ei forsøksordning.

Kommunar med tynt befolkningsgrunnlag kan risikera at få eller ingen tilbydarar vil finna det kommersielt interessant å driva attføring i området. Kommunane sitt øvrige tenestetilbod vil måtte bli rusta opp for å handtera grupper som elles ville fått eit tilbod i vekst- og attføringsverksemda.

Anbodusutsetjing av attføringstenestene vil få store konsekvensar for brukarar, bedriftene og lokalsamfunn. Forslaget til forskriftsendring er inga lita endring, for Sogn og Fjordane utgjer det 50 % av tiltaksplassane. Dei folkevalde bør få seia si meining om saka. Sogn regionråd ber om at spørsmålet om anbod og kven som skal utføra attføringsarbeidet blir sett i ein heilskap i stortingsmeldinga som kjem til hausten.

Det vert elles vist til høyringssvara frå kommunane.»

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/2040

Arkiv: 030 &23

Saksnr.: Utval
 16/14 Sogn regionråd

Møtedato
 24.06.2014

Sak 16/14

Kommunereforma

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Kommunereforma – referat frå drøftingsmøte 20.5.2014

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regjeringa har som mål å gjennomføra ei kommunereform i løpet av denne stortingsperioden. Bakgrunnen er behovet for større og meir robuste kommunar som kan få fleire oppgåver og meir ansvar.

I Sundvolden-erklæringa (regjeringserklæringa) står det blant anna:

« Regjeringa vil gjennomføra en kommunereform, hvor det sørges for at nødvendige vedtak blir tatt i perioden, jf. samarbeidsavtalen (med Venstre og KrF). (...)»

Regjeringa vil foreta en gjennomgang av oppgavene til fylkeskommunene, fylkesmennene og staten med sikte på å gi mer makt og myndighet til mer robuste kommuner.»

3. januar 2014 sette Kommunal- og moderniseringsdepartementet ned eit uavhengig ekspertutval til å foreslå kriterium som har betydning for oppgåveløysinga i kommunane. Kriteria skal nyttast på lokalt, regionalt og sentralt nivå som eit grunnlag for å vurdere kommunesamanslåing og ny kommunestruktur.

Første delrapport blei offentleggjort 31. mars. Her kom utvalet med forslag til kriterium og prinsipp for kommuneinndeling, basert på dei oppgåvene kommunane løyser i dag.

Ekspertutvalets rapport er sendt ut til alle kommunar og fylkeskommunar.

Regjeringa oppnemnde 3. februar ei referansegruppe som skal gje ekspertutvalet innspel.

Til hausten vil fylkesmennene og KS bli bedt om å leggja til rette for lokale prosessar. Før jul kjem sluttrapporten frå ekspertutvalet, der dei vurderer oppgåver som det kan vere aktuelt å overføre til større og meir robuste kommunar. Våren 2015 planlegg regjeringa å leggje fram ei stortingsmelding om nye oppgåver til større og meir robuste kommunar.

Kommunane sine moglegheiter i det vidare arbeidet kan vera desse:

- Avventa regjeringa sitt vidare arbeid
- Halda fram som eigen kommune

- Starta ei utgreiing om eigen kommune sin plass i det framtidige kommune-Noreg
- To eller fleire nabokommunar går saman om å vurdera samanslåing
- Delta i ei felles utgreiing for alle kommunane i regionrådet

Kommunereforma har vore drøfta i regionrådet, og vil bli tema på felles formannskapsdag 5. september. Regionrådsleiarane har delteke på møte med Fylkesmannen, KS og fylkeskommunen. Referat frå siste møte 20.5.2014 er lagt ved. Fylkesmannen vil få ei rolle i å vera tilretteleggjar og prosessrettleiar. Kommunane styrer eigne prosessar. Regionråda samordnar eventuelle fellesprosessar. Det er oppretta Forum for kommunereforma for å dela informasjon og kunnskap om reforma og deltakarane er regionråda ved leiarane, Fylkesmannen, KS, Distriktssenteret og fylkeskommunen.

Det er laga utkast til mandat som vi blir bedne om å drøfta i regionrådet og gje innspel på for sommaren, jf pkt 7 i vedlegget. Fylkesmannen har laga følgjande utkast til mandat :

Samansetjing og mandat:

Forum for kommunereform i Sogn og Fjordane er samansett av representantar frå følgjande organisasjonar:

- Regionråda (leiarane)
- Fylkesmannen (har og sekretariatfunksjonen)
- KS – Sogn Fjordane
- Distriktssenteret – kompetansesenter for distriktutvikling
- Fylkeskommunen

Mandat for referansegruppa:

- Informasjons- og kunnskapsdeling med faglege råd og støtte til kommunane og regionane om kommunereforma, til dømes:
 - Dele informasjon frå staten til kommunane om prosess, statlege verkemiddel og utgreiingar frå ekspertgruppa
 - Dele informasjon frå kommunane til staten om initiativa i fylket, framdrift, utfordringar og behova til kommunane
 - Dele kunnskap om kva kommunale tenestetilbod som fungerer bra og mindre bra i dag
 - Forumet kan ikkje gjere bindande vedtak

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 14/1895

Arkiv: 150 &40

Saksnr.: Utval
 17/14 Sogn regionråd

Møtedato
 24.06.2014

Sak 17/14

Finansiering av prosjekt i Sogn regionråd

Tilråding:

Ved oppstart av nye utgreiings-/ utviklingsprosjekt bør Sogn regionråd avklara prinsipielt om prosjekt der fleirtalet av kommunane er med skal gjennomførast av regionrådet med bruk av fellesmidlar eller bilateralt utan finansiering og ressursbruk frå regionrådet.

Saksutgreiing:

I førre møte drøfta Sogn regionråd dei prinsipielle sidene ved at prosjekt der nokre kommunar deltek vert finansiert av fellesmidlane. Rådet bad om at det vert lagt fram sak som vurderer dette på generelt grunnlag.

Regionrådet bad administrasjonen innhenta juridiske vurderingar, praksis frå andre regionråd og rådmannsgruppa si vurdering av saka.

Bakgrunn:

Sogn regionråd skal fungera som base for definerte prosjekt og ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane, jf § 1 i vedtektene. Å initiere utviklingsprosjekt er ein viktig del av regionrådet sitt arbeid.

I ein del tilfelle vil utgreiingar bli laga av administrasjonen i regionrådet eller av rådmannsgruppa. Dette kan til dømes vera utarbeiding av prosjektplan, plandokument og fråsegner. I desse tilfella vil det ikkje vera behov for å ta stilling til finansiering. Dette inngår i sekretariatet sine oppgåver og blir løyst innanfor dei rammene som er fastsett av rådet, jf § 4 i vedtektene. Andre gonger treng rådet eit underlag der det er behov for å innhenta ekstern kompetanse. Rådet må då ta stilling til finansiering og i dei fleste tilfella vert også dette løyst innanfor avsette midlar/fellesmidlar i rådet. Det er i sistnemnde tilfelle der rådet skal ta stilling til bruk av fellesmidlar at regionrådet ønskjer ei vurdering. Problemstillinga er om prosjekt der ikkje alle kommunane er med skal finansierast av fellesmidlar eller om dette skal finansierast av dei kommunane som er med i prosjektet.

Vurdering:

Lovverk og vedtekter

Regionrådet sine vedtekter er ikkje klar på korleis dette skal handterast. I § 5 i vedtektene står det at «(..) kontigenten skal dekkja sekretariatsfunksjonen, disponible midlar for rådet og midlar til prosjekt som rådet har vedteke.» Korleis uttrykket «vedteke» skal oppfatast er ikkje

nærare regulert. I alle høve må det liggje føre eit fleirtalsvedtak. I tilfelle det er mindretalsvedtak om prosjekt må dei kommunane som var for dette, ev. vidareføra det i eit bilateralt samarbeid. Vi har også døme på samarbeid der nokre få kommunar har vore involvert i ein hovudprosjektfase og der fleire kommunar har kome til seinare (t.d. barnevern og brann og redning).

Spørsmålet blir om eit fleirtalsvedtak med eit minimum fleirtal er tilstrekkeleg for at rådet sine midlar kan disponerast til prosjekt? Kan fleirtalet styra bruken av midlar ?

Kommunelova § 27 om interkommunalt samarbeid gir ikkje rammer for korleis handtera usemje i regionrådet. Kommunelova § 35 omhandlar fleirtalsprinsippet om at «vedtak treffes med alminnelig flertal av de stemmer som avgis». Det er ikkje innskrenkingar i § 27 i kommunelova i forhold til fleirtalsprinsippet i § 35.

Såfremt fleirtalet går inn for å bruke av fellesmidlane vil det ikkje stride mot kommunelova. Mindretalet kan ikkje klage til fylkesmannen. Det er ikkje klagerett eller lovlegheitskontroll til Fylkesmannen i forhold til slike vedtak.

Administrasjonen si vurdering

Det er opp til regionrådet å avgjera korleis midlane skal brukast. Det kan argumenterast for at prosjekt der fleirtalet av kommunane er med kan finansierast av rådet sine fellesmidlar. Prosjekt som er initiert av rådet bør også følgjast opp av rådet fram til ordninga ev. er etablert og det er avklart kven som blir vertskommune/-kommunar. Dette har også ei praktisk side ved at regionrådet tek rolla med å samordne og forenkle oppgåver for kommunane. Prosjekt kan også ha overføringsverdi til kommunane som ikkje er med. I eit bilateralt samarbeid vil deltakarkommunane vidareføra samarbeidet utanfor rådet sitt sekretariat og ressursbruk (ev. frikjøp av administrasjonen i regionrådet), med eige budsjett/rekneskap og med ein av kommunane som prosjekteigar.

Det kan også argumenterast for at alle kommunar må vera med for at rådet skal vera prosjekteigar og stå for finansieringa. Det kan oppfattast som urimeleg for kommunar som ikkje er med at det vert brukt av avsette fellesmidlar. Eit alternativ kan vera å skilje mellom forprosjekt og hovudprosjekt ved at hovudprosjekt fordrar deltaking frå alle kommunane for at fellesmidlane skal kunne brukast. Grunngevinga for å gjera eit slikt skilje er at forprosjekt er eit utgreiingsarbeid som gir kommunane grunnlag for å avgjera om dei vil vera med på å etablere samarbeidet, medan hovudprosjekt går frå planlegging til realisering av samarbeidet. Men også hovudprosjektet består av planlegging og kartlegging, og kommunane tek stilling til samarbeidsavtale undervegs i denne fasen.

Rådet kan ved oppstarten av nye prosjekt ta stilling til om prosjektet der fleirtalet av kommunane er med skal finansierast av fellesmidlar eller bilateralt utan finansiering og ressursbruk frå regionrådet. Eventuelt kan deltakarkommunane finansiera opp med egne midlar i tillegg til fellesmidlane i prosjekt. Dette bør i såfall avklarast slik at det er kjent for kommunane når dei handsamar deltaking i prosjektet. Prosjekt der mindretal av kommunane er med bør leggjast til eit bilateralt samarbeid.

Erfaringane frå regionrådssamarbeidet er at kommunane i stor mon har ein nytteeffekt. Det kan vera at enkelte samarbeidsområde og prosjekt vert vurdert som meir nyttige for nokre kommunar enn for andre, men sett over tid vil vi tru dette vil jamna seg ut.

I tråd med vedtektene er utviklingsarbeid eitt av hovudmåla for regionrådet. I utviklingsarbeid på vegner av så mange kommunar, vil ein frå tid til annan møta dilemma langs ei juridisk og politisk akse. Reint prinsipielt kan ein seie at saker der ikkje alle kommunane er med, skal handsamast gjennom bilaterale avtalar. Det praktiske og politiske problemet er at det veit ein ikkje alltid før ein er komne eit godt stykke veg ut i arbeidet. Regionrådet skal vera eit politisk utviklingsverktøy for kommunane. Derfor trengs det ei avgjersle tufta på politikk og ikkje økonomiske regelverk.

Utgangspunktet for at spørsmålet om finansiering vart teke opp var saka om organisering av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i førre møte. Regionrådet vedtok å setja av fellesmidlar til hovudprosjektet og bad om ei vurdering på generelt grunnlag til dette møtet. Sjølv om rådet i denne saka skal avgjera på prinsipielt grunnlag korleis tilsvarande prosjekt skal finansierast, ønskjer vi å trekkja fram tre forhold i høve den konkrete saka om PPT-organisering:

- Saka om PPT-organisering har to utspring; både som ei vidareføring av det regionale skule- og barnehagesamarbeidet vi har hatt i regionen frå prosjektet ”Sats på skulen - snu Sogn” frå 2006 – og bestillinga frå ei samla rådmannsgruppe 10. juni 2010. Rådmannsgruppa bad konkret administrasjonen og Barnehage- og skuleregion Sogn om å utvikla eit prosjekt som skulle løysa den ekspanderande auken i bruk av spesialundervisning i regionen. Dette resulterte i vedtak i dei åtte kommunestyra juni 2012 om utviklingsprogrammet ”System for styrka læring 2013 – 2021”.
- Programstyret for «System for styrka læring» skal primært arbeide med prosessar, kompetanseutvikling, endringar i kultur/ haldningar og bidra til å finna fram til betre måtar å løyse utfordringane på. Eventuelle endringar av kommunale strukturar ligg til kommunane som eigarar av barnehage, skule og pp-tenesta. Derfor tok rådmannsgruppa den konkrete saka om ppt-organiseringa ut av oppgåveporteføljen til programstyret, og byrja eit utgreiingsløp med forprosjekt og påfølgjande hovudprosjekt om sjølve organiseringa av pp-tenesta. PPT-prosjektet er administrativt og politisk forankra i rådmannsgruppa, Sogn regionråd og kommunestyra i Sogn.
- Måla for PPT-prosjektet og det regionale barnehage- og skuleprogrammet «System for styrka læring» er dei same; styrka tilpassa opplæring, auka læringsutbytte for alle og redusert bruk av spesialundervisning. Det vil vera ei overlapping mellom tiltaka i hovudprogrammet og prosjektet om PPT-organisering. Ein vil til dømes halda fram med å bruka den etablerte nettverksstrukturen, spesielt for rektornettverket og fagnettverk i spesialundervisning, som arenaer for kunnskapsutvikling og erfaringsdeling. Uavhengig av kor mange kommunar som er med i hovudprosjektet, vil dette prosjektet ha overføringsverdi og effektar for alle kommunane. Dersom det endar opp til dømes med ei pp-teneste for dei seks kommunane som deltek, vil dette kunne virke konsoliderande for alle kommunane i regionen. Det går fram av konklusjonen i forprosjektet at både Barnehage- og skuleregion Sogn og programstyret for ”System for styrka læring” etterlyser deltaking frå leiarane i pp-tenesta i desse fora. Ei eventuell konsolidering vil derfor også kunne gje positive effektar for det pågåande samarbeidet i Sogn, og for pp-tenesta spesielt.

Andre regionråd:

Fleire regionråd er spurt, men ingen av dei vi har vore i kontakt med har hatt tilsvarende problemstilling. Fleire peikar på at det kan variere i kor stor grad tiltak/prosjekt er relevant eller aktuelt for medlemskommunane. Problemstillinga om at nokre kommunar ikkje er med i eit prosjekt og bruk av fellesmidlar har ikkje vore tema for dei vi har vore i kontakt med.

Rådmannsgruppa si vurdering:

Rådet drøfta i sist møte dei prinsipielle sidene ved at prosjekt der nokre kommunar deltek vert finansiert av fellesmidlane, og ba om at det vert lagt fram sak som vurderer dette på generelt grunnlag. Rådet ønskte mellom anna rådmannsgruppa si vurdering. Rådet drøfta i sist møte dei prinsipielle sidene ved at prosjekt der nokre kommunar deltek vert finansiert av fellesmidlane, og ba om at det vert lagt fram sak som vurderer dette på generelt grunnlag. Rådet ønskte mellom anna rådmannsgruppa si vurdering.

Rådmannsgruppa har drøfta saka og legg vekt på; Viktig at prosjekt som blir starta opp vert vurdert som relevante og interessante for kommunane å vera med på som fellesprosjekt. Beslutningsprosessane må vera effektive og det må leggjast til rette for at samarbeidet kan gjerast på ein enkel måte, og det vil vera tungvint om kvart einskild prosjekt i ulike fasar (forstudie, forprosjekt, hovudprosjekt, evaluering) skal kostnadsfordelast mellom deltakande kommunar. Alternativet med bilateralt samarbeid når fleirtalet av kommunane er med vil vera upraktisk og tungvint. Prosjekt der fleirtalet av kommunane er med bør vidareførast som regionrådsprosjekt med finansiering frå rådet som basis. I diskusjonen vart det vist til at ved vesentleg endra føresetnader undervegs i prosjektet, som til dømes endra deltaking frå kommunane, kan regionrådet ev drøfta justering av finansiering ved milepælane i prosjektet til dømes mellom forprosjekt og hovudprosjekt.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 14/746

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
18/14 Sogn regionråd

Møtedato
24.06.2014

Sak 18/14

Orienteringssaker**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
 - Felles formannskapsdag 5. september
 - Ordførarsamling 11. september – aktuelle tema
 - Rådet for samarbeid med arbeidslivet (møtet 21.5.2014)
2. Arbeidsgruppene
3. Rådmannsgruppa
4. Administrasjonen

Skriv og meldingar

1. Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule, svar frå Landbruks- og matdepartementet av 12.6.2014